

Tilskotsrapport

Tilskot til bustadsosiale tiltak – prosjektutviklar

Prosjekttittel:

Eit generasjonsvenleg samfunn ved kysten, med gode bumiljø og høg livskvalitet

Tilskotsmottakar:

Bømlø kommune

Rapport år:

2026

Bakgrunn og tilsegn

Bømlø kommune søkte Husbanken om tilskot til prosjektutviklar for å styrkje kapasiteten i arbeidet med bustadsosiale og førebyggjande tiltak. Bakgrunnen for søknaden var behovet for å møte demografiske endringar, auka press på helse- og omsorgstenestene og eit tydeleg politisk mål om at fleire skal kunne bu trygt heime lengre. Husbanken innvilga tilskot på inntil 553 000 kroner til prosjektet, med føresetnad om at midlane skulle nyttast til utviklingsarbeid og prosjektleiing, i samsvar med søknad og gjeldande rettleiar. Tilskotet er nytta i tråd med vilkåra i tilsegnsbrevet.

Prosjektet spring ut av overordna kommunale planar og nasjonale føringar for bustadsosialt arbeid. Det er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel, kommunedelplan Helse-sosial-omsorg og Bu trygt heime-reforma. Søknaden til Husbanken vart utforma for å styrkje gjennomføringsevna i eit allereie pågåande utviklingsarbeid, ikkje for å starte eit avgrensa enkeltprosjekt. Prosjektutviklar-rolla er difor nytta strategisk for å samle, strukturere og vidareutvikle eksisterande innsats

Formål og målgruppe

Formålet med prosjektet er å utvikle og vidareføre nye løysingar innan bustad, bumiljø og tenester som støttar opp under målet om trygge og berekraftige livsløp i eigen bustad. Prosjektet skal bidra til betre samanheng mellom bustadpolitikk og tenesteutvikling, og til å styrkje kommunen si evne til å planleggje for framtidige behov på ein heilskapleg måte. Målgruppa er i hovudsak eldre, personar med nedsett funksjonsevne og personar med samansette behov, men prosjektet har òg klar relevans for kommunen som organisasjon og for andre kommunar med liknande utfordringar.

Om prosjektet og arbeidet som er gjort

Tilskotet er brukt til å engasjere prosjektutviklar i 50% stilling, som har fått ansvar for koordinering, framdrift og vidareutvikling av arbeidet. Prosjektutviklaren har hatt ei sentral rolle i å knyte saman arbeid innan framtidig bustadstruktur, omsorgstrapp og nye bustadkonsept, og i å sikre tett samspel mellom tenester, eigedom, administrativ leing, politisk nivå og eksterne aktørar. Arbeidet har vore systematisk forankra i vedtekne mandat, særleg mandat 30–33 og mandat 22, og har resultert i ferdigstilt og politisk handsama rapportar.

Prosjektutviklar har gått i 100% stilling, og der me som kommune har hatt inntil 50% som eigeninnsats i arbeidet. Dette for å sikre at ho fekk tilstrekkeleg tid til å setje seg inn i kommunal struktur og organisasjon. Prosjektutviklar har grunna fristillinga klart å binde saman tenestene våre internt og eksternt positivt gjennom høgt fokus på samarbeid.

Prosjektet har til no gitt kommunen eit samla og godt dokumentert startgrunnlag for vidare utvikling av generasjonsvenlege bustader. Omsorg pluss er definert og konkretisert som eit manglande, men nødvendig steg i omsorgstrappa. Arbeidet har styrkt kommunen si evne til å bruke Husbanken sine verkemiddel meir målretta, og har høg overføringsverdi til andre kommunar. Prosjektutviklaren har bidrege til høg måloppnåing sett i høve ressursbruk og prosjektramme.

Erfaringar og læringspunkt

Erfaringane frå prosjektet viser at tilgang på dedikert prosjektutviklingskompetanse er avgjerande for å lykkast med komplekst og tverrsektorielt utviklingsarbeid. Tydleg forankring, systematisk dokumentasjon og kontinuerleg dialog mellom fag, leing og politisk nivå har vore sentrale suksessfaktorar. Prosjektet stadfestar og verdien av å arbeide vidare med, og ikkje parallelt med, eksisterande planar og prosessar. Dette er arbeid som ein rådgjevar i vanleg drift ikkje ville klart å fått til på same tid.

Vidare arbeid

Prosjektet går no vidare i ein fase der tiltak skal prioriterast, konkretiserast og omsetjast til gjennomføring. Arbeidet blir teke vidare inn i kommuneplanlegging, bustadsosial handlingsplan og ulike anskaffingar og investeringsprosessar. Grunnlaget som er lagt gjennom prosjektutviklar ressursen gir Bømlo kommune eit solid utgangspunkt for vidare arbeid og realisering av målsetjingane.

Merknad om fullstendig rapportering

Då prosjektperioden framleis pågår, er denne sluttrapporten avgrensa til bruk av tilskotet til prosjektutviklar og status for måloppnåing så langt. Endeleg rekneskap, årsverkoversikt og samla sluttvurdering ved prosjektslutt vil bli levert i tråd med Husbanken sine krav.

Prosessarbeid i bilete

